



## Invitasjon til lukka konkurranse – Bybanekunst, Flesland

---

### 1. Innleiing

I samsvar med stadfesta kunstprosjekt for Bybanen, byggetrinn 3 og Delplan Flesland, inviterer Hordaland fylkeskommune til konkurranse om kunstprosjekt til Bybanen sitt endestopp ved Bergen Lufthavn Flesland.

### 2. Deltakarar

Desse kunstnarane er inviterte:

- Anders Sletvold Moe
- Azar Alsharif
- Dyveke Sanne
- Marius Dahl & Jan Christensen
- Stian Ådlandsvik & Lutz-Rainer Müller

### 3. Jury

Som jury fungerer Bybanen sitt kunstutval:

- Ronny Skaar, Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, administrativ leiar
- Tone Stedal Haugland, Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga
- Jørgen Blitzner, kunstkonsulent
- Hilde Skjeggestad, kunstkonsulent
- Grete Riis, Bergen kommune, Seksjon for kunst og kultur
- Sølvi Marie Myrseth, Bybanen Utbygging
- Ingrid Haukeland, Bybanen Utbygging
- Petter Bortne, Bybanen AS
- Are Hauffen, Hordaland kunstsenter

Jørgen Blitzner er leiar for juryen.

Tone Stedal Haugland fungerer som juryen sin sekretær.

### 4. Spørsmål til juryen

All korrespondanse og kontakt mellom kunstnarar og jury skal gå føre seg skriftleg gjennom [bybanekunst@hfk.no](mailto:bybanekunst@hfk.no).

Spørsmål om forhold knytt til stad, bygg og arkitektur samt forståing av programmet kan stillast innan 29. februar 2016.

Spørsmåla vert lagde fram for alle juryens medlemmer. Svara vert gitt fortløpande og sendt alle deltakarane på e-post. Det skal ikkje vera ytterlegare kontakt mellom konkurrerande kunstnarar og medlemmer av juryen.

### 5. Føremål

#### 5.1. Intensjon:

Som overordna idé for prosjektet ligg føringane som er nedfelt i kunstplanen sin hovuddel. Ein viser til dei 2 dokumenta *“Kunstplan for Bybanen. Mål og strategi.”* og *“Kunstplan for Bybanen. Delplan for Flesland haldeplass, byggetrinn 3.”*

Oppdraget skal gjennomførast som eit A-prosjekt. A-prosjekta er knytt til dei overordna visjonane som ligg til grunn for bygginga av Bybanen; satsing på ei berekraftig utvikling lokalt og globalt. Kunstutvalet syner og

til at Flesland er ein port til Bergen og Vest-Noreg. Kunstnaren skal ha vidt spelerom og fridom i tolking av oppgåva.

## 5.2. Staden

Bybanen får sitt endestopp ved Bergen Lufthavn Flesland. Her byggjer Avinor ein ny flyplassterminal som skal stå ferdig sommaren 2017. Bybanen sin haldeplass vert ein integrert del av terminalen, lokalisert i underetasjen med rulletrappar og frie siktliner opp til innkøms- og avgangssoner. Området som er avsett til kunst er ein ca. 7 meter høg og 50 meter lang betongvegg på austsida av plattformene. Grunna den opne arkitekturen vil eit kunstverk her også kunne opplevast frå etasjen over, av reisande på veg mot bil, buss eller drosjer. Haldeplassen har takoverbygg, men veggene vil likevel i nokon grad kunne verte utsett for vind og nedbør.

Flyplassterminalen er teikna av Nordic Office of Architecture. Arkitekturen er stramt forma, med vekt på klare visuelle kodar. Det skal vera enkelt for dei reisande å ta seg fram. Terminalen har ope romløyseing, med fri sikt mellom øvre og nedre trafikkområder. Glasvegger vil skilje ute og inne. Bybanen sin haldeplass vil vera i underetasjen utomhus, men under tak. Plattformen vert venteplass for dei som kjem med fly og skal reisa med Bybanen mot Bergen sentrum.

## 5.3. Grunngeving for val av type kunst og plassering:

Eit kunstprosjekt på Bybanen sin stoppestad på Flesland vil kunne opplevast av alle som kjem til Bergen med fly og som nyttar Bybanen som transport mot sentrum. Flesland er ein port til Bergen og Vest-Noreg og eit kunstprosjekt her vil vera eit viktig møtepunkt mellom byen og dei reisande.

Kunstprosjektet vil kunne opplevast av dei som venter på plattformen, og av reisande som går mot buss, bil eller drosje i etasjen over. Situasjonen er visuelt avklåra, med få eller ingen forstyrrande element.

## 5.4. Tekniske føresetnader:

Av trafikk- og tryggleikssyn må kunsten vere fastmontert på vegg og ha maksimal djupn på om lag 50 cm. Veggene er nær Bybanen sine skinner, signal og straumførande kablar, og det vil difor verta strenge krav til planlegging av montering og ettersyn av kunsten. Det vil ikkje vera tid for produksjon på staden. Kunsten må produserast på førehand og monterast i løpet av 3 – 5 netter.

Meir informasjon om tekniske føresetnader vil verta gjeve under felles synfaring for konkurransedeltakarane i veke 46.

Utførande kunstnar skal, i samarbeid med utvalet, utvikle ein drift- og vedlikehaldsplan med tanke på drift av prosjektet i minimum 20 år.

## 6. Konkurransvilkår

### 6.1

Deltakarane står fritt med omsyn til kunstnarleg idé, utforming og materiale innafor dei rammene som er gitt i pkt. 5.

### 6.2

Deltakarhonorar for den enkelte kunstnar/ kunstnargruppe er kr 40 000. Inntil 2/3 av honoraret kan betalast ut som forskot. Framlegga skal difor vera forsikra for ein tilsvarende sum fram til levering. Beløpet kan krevjast tilbake dersom framlegget ikkje vert levert, eller det ikkje vert godkjent, til dømes som fylgje av vesentlege manglar i det leverte materialet (jamfør pkt. 7 – 10).

For utbetaling ta kontakt på [bybanekunst@hfk.no](mailto:bybanekunst@hfk.no), der de gir melding om de vil ha honoraret utbetalt via faktura eller som løn.

**6.3**

Reiseutgifter i samband med felles synfaring vert dekte av oppdragsgevar.

**6.4**

Den økonomiske ramma for kunstprosjektet er maksimalt kr 1 650 000 inklusive kunstnarens honorar, jf pkt 8.

**6.5**

Kontrakt med utførande kunstnar vil byggje på kontraktvilkåra utarbeida for Kunst i offentlige rom (KORO), jamfør pkt. 7.

Kontrakten har som vilkår at kunstnaren står ansvarleg for dei berekna materialutgiftene; tilleggsføring vil ikkje verte gitt, jamfør kontrakten sit pkt. 2.

Kontraktsummen - honorar og materialutgifter – vert utbetalt med 3 like store summar, med mindre anna vert avtalt. Ved utbetaling skil ein ikkje mellom honorar og materialkostnader.

**6.6 Vilkår for grupper/samarbeidande kunstnarar.**

Når to eller fleire kunstnarar samarbeider om forslaget er dei solidarisk ansvarlege ovanfor Hordaland fylkeskommune om konkurransevilkåra. Kunstnarane må sjølv syte for ein gjensidig avtale om arbeidsfordeling, honorering og ansvar for betaling av varer og tenester.

Konkurransehonoraret vil verta utbetalt til ein felles konto, eller delt likt mellom kunstnarane.

**7. Programmateriale**

Programmaterialet er denne kontrakten og fylgjande vedlegg:

- a. Kunstplan for Bybanen. Mål og strategi, august 2014.
- b. Kunstplan for Bybanen. Delplan for Flesland haldeplass, byggetrinn 3.
- c. Situasjonsplan, digital 3D-modell, snitt og oppriss av det aktuelle området. (vert utlevert i oppstartsmøte 10.11)
- d. Framdriftsplan for bygget. (vert utlevert i oppstartsmøte 10.11)
- e. Døme på standardkontrakt for evt oppdrag.

**8. Materiale som skal leverast**

- a. Skisse(r) som visualiserar forslaget på ein ukomplisert måte.
- b. Utgreiing som forklarar forslaget, dets intensjonar, materialbruk og evt. konstruksjonar.
- c. Teknisk utgreiing om materialval, konstruksjonar og tekniske løysningar.
- d. Materialprøve, om relevant og ønskjeleg.
- e. Budsjett.
- f. Anna relevant materiale.

Framstillingsforma er fri, og kunstnarane kan i tillegg til dei opplista krava levere det materiale dei finn naudsynt for å tydeleggjere sitt framlegg.

**9. Miljøkrav**

Kunstnaren skal stadfesta at kjemikalier som vert planlagt brukt i verket er i tråd med krava i gjeldande forskrifter: (<http://www.lovddata.no/cgi-wift/ldles?doc=/sf/sf/sf-20040601-0922.html>).

Om kunstprosjektet inneheld tre, skal kunstnaren stadfesta at dette kjem frå berekraftig skogbruk.

**10. Levering**

Alt materiale skal merkast: Kunstprosjekt Bybanen3, Flesland, arkivnummer 15/9353

Materialet skal vere poststempla, eller vera HFK i hende, seinast 4. april 2016. Levering må skje innan kl. 15.00.

Postadresse: Hordaland fylkeskommune  
Kultur- og idrettsavdelinga v/ Tone Stedal Haugland  
PB 7900  
5020 Bergen

Ved levering: Hordaland fylkeskommune  
Kultur- og idrettsavdelinga v/ Tone Stedal Haugland  
Agnes Mowinckels gate 5  
Bergen

Materialet kan og leverast digitalt. Frist for opplasting er 4. april 2016 kl. 2400. Informasjon om opplastingsstad vert gitt innan 4. mars 2016.

**11. Utkast som avvik frå programmet**

Framlegg som ikkje er komne inn i rett tid eller kor det er gjort vesentlege brot på krava til innhald, kan verte utelukka frå juryering.

Ved einstemmig juryvedtak har juryen rett til å velja til vinnarframlegg som i enkelte delar avvik frå programmet.

**12. Underkjennelse/omkonkurranse**

Juryen er ikkje forplikta til å tilrå nokon av dei innleverte framlegga til realisering. Dersom juryen ønskjer ny konkurranse, skal dette leggjast fram for oppdragsgjevar.

Følgjande forhold er sentrale i juryens vurdering:

- Kunstnarleg kvalitet
- Relevans i høve til kunstplanen
- At prosjektet let seg realisera teknisk
- At prosjektet let seg realisera innafor budsjett

**13. Kunngjering og utstilling**

Juryen sitt arbeid skal vere avslutta snarast råd, og seinast 2 mnd etter at framlegga er leverte.

Juryen skal gje alle framlegga individuell vurdering. Juryens vurdering av framlegga vert sendt til alle deltakarane.

Alle godkjende framlegg vil kunne verte stilla ut i inntil 8 dagar.

**14. Forsikring av dei innleverte framlegga**

Hordaland fylkeskommune er økonomisk ansvarleg for skade og tap av framlegga med same beløp som er sett som deltakarhonorar, medan framlegga er under fylkeskommunen sitt ansvar.

**15. Retur**

Leverte materiale vert normalt ikkje returnert. Alt materiale unnateke vinnarutkastet vert makulert. Om kunstnar ynskjer materialet i retur, kan dette returnerast for kunstnars kostnad. Evt. modell må leverast i eigna transportkasse. Opplysningar om mottakaradresse og liknande må fylgje framlegget.

**16. Vidareføring av vinnarframlegg**

Det er ein føresetnad at evt vinnar av konkurransen let seg engasjera til å realisere sitt prosjekt, basert på den skriftlege kritikk og konklusjon juryen legg fram.

Flyplassterminalen vert ferdig i juni 2017.

Frist for gjennomføring av kunstprosjektet er juni 2017.

Konkurransprogrammet er skrive ut i to eksemplar, eitt til kvar av partane. Kunstnarens signatur stadfestar invitasjonsvilkåra.

Bergen, den.....

....., den.....

.....

.....

Hordaland fylkeskommune

Kunstnar

Kopi: Kunstutvalets medlemmar